



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/27 - 19/9689

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2019

Oversender søknad til uttale - gbnr 123/45 Risa

Byggjestad: Gbnr: 123/45
Tiltakshavar: Dag Unnar Mongstad
Ansvarleg søker: Knut Willie Jacobsen

Saka gjeld søknad om bygging av kai, utlegging av flytebrygge og etablering av tilkomstveg til gbnr 123/45.

Bygging av kai, veg og utlegging av flytebrygge krev dispensasjon frå plankravet og arealføremålet i kommuneplanen og pbl. §1-8 for tiltak i strandsona.

Etablering av veg krev i tillegg dispensasjon frå reguleringsplan for Rissundet då delar av tilkomstveg er planlagt over areal avsett til leik og areal avsett til friområde.

Planlagt kai går frå 3-6,5 meter ut i sjø og er 12 meter lang. Flytebrygge er 8 meter lang og 2,3 meter brei og skal vil ligge tilnærma vinkelrett ut frå kaia. Tilkomstveg er ca. 75 meter lang og vil ha samla vegbreidde på 3 meter inkludert fylling.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin areal del er definert som LNF.

VURDERING

Dispensasjon


Tiltaket krev dispensasjon frå både reguleringsplan, kommunedelplan og tiltak i strandsona. Det er ei utfordring at tiltaket krev så mange dispensasjoner og byggesak er i utgangspunktet restriktiv til å gje løye til tiltaket når det inneber så mange avvik frå gjeldande planar.

Det talar også imot å gje dispensasjon at det er etablert areal til småbåthamn like ved. Ytterlegare utbygging i sjø bør avklarast gjennom reguleringsplan for å sikre at bruken av sjøarealet i Rissundet vert forsvarleg tilrettelagt. Bergen og omland havnevesen har gjeve positiv førehandsuttale etter hamne- og farvasslova.



Vi registrerer at tiltakshavar ser ut til å ha dei private rettane på plass for å gjennomføre tiltaket, men kan ikkje sjå at desse omsyna er vidareført og teke med i gjeldande reguleringsplan (vegtilkommst) og kommunedelplan.

Sjølv om byggesak i utgangspunktet er negativ, vil dispensasjon kunne innvilgast dersom både planmynde og fylkesmannen gir uttale om at dispensasjon kan tilrådast. Ytterlegare informasjon går fram av vedlegg til oversendinga.



Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar
Situasjonsplanar

Foto

Søknad om løyve til tiltak
Søknader om dispensasjon
Supplerande informasjon til søknad del2 - Gbnr. 123 / 45 Risa

Kopi til:

Dag Unnar Mongstad	Storhaugen 49	5955	LINDÅS
Knut Willie Jacobsen	Garvik	5912	SEIM

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland Planavdelinga	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
--	--------------	------	-----------